



# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

**Møtedato:** Fredag 14.12.2012  
**Stad:** Gol, Solstad Hotell

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

|                     |                  |
|---------------------|------------------|
| Oddvar Grøthe,      | Hemsedal kommune |
| Tony Kjøl,          | Hol kommune      |
| Ivar Brevik,        | Ål kommune       |
| Hallvor Lilleslett, | Gol kommune      |
| Tor Magnussen,      | Nes kommune      |
| Tor Egil Buøen,     | Flå kommune      |

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar og Ulrikke Ytteborg møtte frå Hallingdal2020 i sak 62 og 63.
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum
- Rådmannsutvalet deltok i sak 62

---

### SAK 61/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 8.10.2012 OG 23.11.2012

#### Vedtak

Møteprotokoll for møte 8.10.2012 og 23.11.2012 vart vedteke.

### SAK 62/12 ÅRLEG MØTE MED HALLINGDAL UNGDOMSRÅD

Regionrådet hadde det årlege møte med Hallingdal Ungdomsråd, der HUR m.a. tok opp følgjande:

- Bulyst
- Hallingambassadørar
- Trafikktryggleik , film bussbelte
- Trygt heim for ein 50-lapp
- Skummelt Oppdrag og Torpomoen
- Ungdomscafé på Pers
- Kulturkortet
- Fråværsreglement i forhold til politisk arbeid

Presentasjon, vedlegg 1

Med bakgrunn i konkrete drøftingar vart det gjort slikt vedtak:

#### Vedtak

1. I tillegg til eit fast årleg møte mellom Hallingdal Ungdomsråd og Regionrådet for Hallingdal, skal leiar i HUR vera med på eit møte til i Regionrådet, der relevante saker blir sett på dagsorden.
2. Regionrådet for Hallingdal skal ta opp praksis med fråværsreglement i vidaregåande skule, med Buskerud fylkeskommune, i forhold til fri til arbeid som tillitsvald og til politisk arbeid. Målet er å få lik praksis, der arbeid i HUR blir akseptert som gyldig fråvær. Regionrådet for Hallingdal ber og rådmannsutvalet legge til rette for ein tilsvarande og lik praksis ved dei kommunale skulane. I tillegg vil Tony Kjøl avklare om dette er ei problemstilling ved NTG på Geilo.

## **SAK 63/12 MØTE MED HØGSKOLEN I BUSKERUD**

Styreleiar i HiBu Sverre Gotaas og rektor Kristin Ørmen Johnsen orienterte m.a. om:

- Høgskolen i Buskerud
- Fusjonen mellom Høgskolen i Buskerud og Høgskolen i Vestfold, som skjer 1.1.2014
- Kursverksemd frå HiBu i Hallingdal
- Forsking og utviklingsprosjekt i Hallingdal som HiBu deltek i
- Nye aktivitetar
  - Desentralisert deltidsutdanning i sykepleie på Ål, start 2014
  - Utvikling av nettbaserte studiepoeng- givande kurs / etter og vidareutdanning i den nye Høgskolen i Buskerud og Vestfold.

Pedagogiske og økonomiske fag er aktuelle for slike studiar

Presentasjon, vedlegg 2 i møtebok.

Styreleiar og rektor uttrykte ynskje om ein tett dialog med Hallingdal, for å kunne vera ein god medspelar og aktør i Hallingdal. For å styrke samarbeidet og koordineringa i Hallingdal, vil Regionrådet for Hallingdal ta initiativ til at det blir etablert ei arbeidsgruppe «høgskuletilbod i Hallingdal». Det kan og vera aktuelt med ei kartlegging av behovet for desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal. Tiltaka er og forankra i Strategisk plan for Hallingdal.

## **SAK 64/12 ARRANGEMENT, HALLINGTREFF I OSLO OG EVENT. BERGEN**

Tony Kjøl sett fram forslag om å auke potten på marknadsføring frå kr. 50.000 til kr. 100.000, som blir finansiert frå partnarskapsmidlane. I tillegg til at eigensinnsats frå samarbeidspartar inkl. kommunane vart auka frå kr. 70.000 til kr. 120.000.

Forslaget vart samstemt vedteke.

### **Vedtak**

1. I samband med Hallingdal2020 skal det gjennomførast Hallingtreff i Oslo og Bergen, totalt 5 stk. Føremålet er å marknadsføre Hallingdal og etablere kontakt med potensielle tilflyttarar.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 210.000 til tiltaket som blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2012.
3. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til tiltaket, der midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.
4. Regionrådet for Hallingdal ber Hallingdal2020 avklare deltaking med aktuelle samarbeidspartar, som t.d. Hallingdal Etablerarsenter, Hallingdal Næringshage og HallingExpo.
5. Regionrådet for Hallingdal føreset og aktiv deltaking frå kommunane i Hallingdal.
6. Eigeninnsats frå samarbeidspartar inkl. kommunane er føresett å vera min. kr. 120.000.

## **SAK 65/12 EVENTUELTT**

### Godtgjersle for verv

Hallvor Lilleslett tok opp spørsmålet om å få til ein lik praksis for godtgjering av ulike verv i interkommunale selskap/samarbeidsorgan. Regionrådet vil ta dette opp som drøftingssak på eit av dei fyrste regionrådsmøta i 2013.

### Møte med politimeisteren i januarmøte

I regionrådsmøte 25.1.2013 skal det vera møte med politimeisteren for Nordre Buskerud politidistrikt for m.a. å bli oppdatert på eventuelle forslag til endringar i strukturen av lensmannsetaten i Hallingdal. I dette arbeidet vil kommunane i Hallingdal bli invitert til å delta i ei referansegruppe. Til januarmøte skal dagleg leiar laga sak i forhold til representant i referansegruppa.

### Hallingambassadørar

Dagleg leiar orienterte om prosess med Hallingambassadørar og fekk nyttige innspel.

Ål 18.12.2012

for rådsordførar  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

### Vedlegg:

- Sak 62-12, presentasjon
- Sak 63-12, presentasjon